

Lindås kommune
Kvarnhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Eidestøa, 01.10.2018


Ønskje om kjøp/leige av Sævråsvåg kai.

Viser til møte 19. september 2018 og tidlegare dialog vedr. kjøp/leige av Sævråsvåg kai i Lindås kommune.

Eide Fjordbruk AS leiger Sævråsvåg kai av Statens Vegvesen, og bruker kaien som base for drift av selskapet sine lokalitetar på Ospeneset og Langøy i Fensfjorden. Noverande leigeavtale vart inngått i 2014, og går fram til februar 2019, og selskapet var derfor i kontakt med Statens Vegvesen i 2017 med ønskje om å kjøpa kaien.

Eide Fjordbruk er eit oppdrettsselskap som driv 4 lokalitetar i Lindås kommune, 2 i Osterfjorden og 2 i Fensfjorden. Sævråsvåg kai er ein sentral del av selskapet sin aktivitet i Fensfjorden, og selskapet ønskjer derfor å sikre kaien som base for framtida.


Me er kjent med at Statens Vegvesen er i dialog med Lindås kommune om overdraging av kaien, og me har derfor vore i samtalar med kommunen for å koma fram til gode løysingar for begge parter. Primært ønskjer Eide Fjordbruk å kjøpe heile kaianlegget(merka blått på fig. 1), og inngå avtale med Lindås kommune om å nytte kaien til sine behov. Me ønskjer å kjøpe kaien for å sikre langsiktighet for drift og for å gjera nødvendige investeringar.



Figur 1

TRADISJON FOR KVALITET

Dersom Lindås kommune ønsker å eige kaien for å sikre tilgang til sjø, kan Eide Fjordbruk kjøpe deler av kaien. Me ønsker også ein leigeavtale på deler av den kaien som Lindås kommune overtar frå Staten Vegvesen. Som avtalt på møtet, har me utforma ei skisse (figur 2) som viser kva me ønsker å kjøpe (merka blått) og leige (merka oransje).



Figur 2

Som nemnt er Sævråsvåg kai avgjerande for vår drift og aktivitet i Fensfjorden. Ved eit kjøp av heile eller deler av kaien, er det planar om setje i stand kaien og investere i bygningar slik at området framstår ryddig og estetisk tilpassa det sjømiljøet som er i området.

I samtalane mellom Lindås kommune og Eide Fjordbruk har me ikkje drøfta pris på kjøp og leige. Det vil vera naturleg å ta dette opp når Lindås kommune har avklart sitt framtidige eigarforhold. Me ser fram til å vidareføre den gode dialogen me har hatt i denne saka.

Med venleg helsing



Tor Johannes Hjertnes

Samfunnskontakt

Eide Fjordbruk AS